

FRELSA ER IKKJE TIL SALS

Dette er verkeleg ei tese som me kan tenka oss at Luther sjølv ville ha spikra opp på kyrkjedøra i Wittenberg. Etter at han som skriftefar hadde høyrte soknebarna som skulle bekjenna sine synder koma til han og seia: «Men denne synda treng eg ikkje bekjenna, for den har eg alt betalt for eg har vore over grensa til Jüterburg og kjøp meg avlatsbrev utstedt av sjølvaste erkebiskop Albrecht i Mainz og Magdeburg. Så eg treng ikkje be om tilgjeving, og eg skal til og med sleppa ekstra lett gjennom skjærselden, akkurat som om eg hadde levd som ein helgen.» Det er lett å forestilla seg ein opprørt Luther som ropar ut: «Du kan då ikkje kjøpa syndstilgjeving - Frelsa er ikkje til sals!» Og så går han heim og skriv 94 andre tesar og spikrar dei opp.

Me veit at dette var eit hovudpunkt for Luther, at frelsa vert gjeven oss av Gud utan at me har fortent det. Men kva betyr det i dag?

Kva betyr det så at Frelsa ikkje er til sals? Kva betyr det for oss som ikkje har avlatshandel rundt oss.

Frelsa kan ikkje kjøpast – Det betyr at:

Frelsa kan ikkje eigast – Det betyr at kyrkje ikkje kan ta monopol på frelsa

I mellomalderen gav det kyrkja mykje makt at dei «eigde» frelsa og at paven kunne dela ut gode gjerningar som gjorde det lettare for folk å koma gjennom skjærselden.

Det var det Martin Luther protesterte mot av teologiske grunnar.

Frelsa er ikkje gratis – Jesu betalte prisen då han døydde for deg på krossen. Det var ein dyr pris, men du treng ikkje betala fordi Jesus har alt betalt.

Frelsa er ikkje på avbetaling – det er heller ikkje slik at du får frelsa gratis og så må du binda deg til ein kontrakt som du så må oppfylla. Slik var det ein del som tenkte i den katolske kyrkja, at det var ei samhandling. Gud kom fyrst med sin nåde, men så gjorde mennesket og sin innsats for å vinna frelsa ved å leva eit liv i kyrkja, i fromhet og bøn og ta imot sakramentet.

Frelsa er ikkje ein transaksjon, men eit bytte. Luther snakka om det herlige byttet. Me får del i Jesu guddom og frelse og han får del av vår synd. Han blir til synd for oss og bærer den vekk. Eller Jesus tar vår synd og gir oss si frelse i staden.

Frelsa er ikkje ein handel, men ein relasjon til Gud. Og Gud sel ikkje, for prisen for vår frelse er alt betal av Jesus på krossen. Gud gjev.

Og kyrkja skal vera ein kanal Gud gjev gjennom, i dåpen i ordet, i nattverden.

Men – ei tese er ikkje god dersom me ikkje har motargument. Difor vil eg problematisera denne tesa og spør: Korleis utfordrar denne tesa oss som kyrkje i dag?

Lever me etter «Frelsa er ikkje til sals!» eller prøver me å selja noko likevel? Er den frelsa me tilbyr gjennom kyrkja verkeleg gratis? Eller kan det vera at me sel frelsa i bytte for ei livsstil og meiningar og ein tids og stad-avhengig modell av kva ein god kristen er. Seier me eigentleg «Frelsa er hos oss, så bli som oss først, kjøp vår stil og våre meiningar, så skal du få frelsa gratis!»

Dette går an å testa ut. Tenk over korleis kyrkja fungerer som sosialt fellesskap. Er det så ope som Jesus ville ynskja, eller er det slik at me ser våre egne og ikkje har blick for nykomarar.

Eg meiner ikkje at me tenker ekskluderande, men kanskje oppfører me oss slik når me organiserer kyrkjekaffien så alle berre sit med sine gamle kjenningar. Når arrangement berre har ein stil og ein musikk. Når me har eit internt språk og ikkje tar oss bryet med å sjekka om andre forstår.

Så kanskje har frelsa sin pris i vår kyrkje

Kanskje har me tatt tilbake monopolet på frelsa ved å knyta usagte forventningar til dei som skal bli med i fellesskapet av dei frelste og oppfører oss som om me eig frelsa.

Eller sagt på ein annan måte: Frelsa er ikkje til sals, det handlar om ein frelsesrelasjon til Gud utan vilkår. Har me gjort det til ein samfunnsrelasjon til kyrkja og det kristne fellesskapet med vilkår?

Utfordringa er ikkje at tesa ikkje er sann, for det er ho, frelsa er ikkje til sals. Utfordringa er om kyrkja likevel krev ein pris.

Tore Skjæveland

Kyrkjefagsjef, Bjørgvin bispedøme